

Tilstades: Tor Arne Sandvik, Elin Udstuen, Ørjan Løhaugen, Magne Berge, Olav Samland, Nils Saltnes, Trygve Gunnar Bjelland Henriksen, Gunnbjørg Ljusnes, Dagfinn Garnes-Johnsen, Olav Svendsen, Sigrid Ljusnes Løvereide

Årsmøtesaker:

- **Val av møteleiar**

Tor Arne Sandvik

- **Val av referent og 2 til å skrive under protokoll**

Referent: Nils Saltnes

Skrive under protokoll: Dagfinn Garnes-Johnsen og Olav Svendsen

- **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innspel om at handsaming av organisasjonsplan manglar.

Ingen kommentarar ellers til innkalling. Den blei sendt ut på klubbadmin, Facebook og i Grannar.

- **Årsmelding**

Tor Arne Sandvik presenterte årsmelding for hovudlaget.

Medlemstalet blei kommentert. Antallet stemmer ikkje heilt. Talet via klubbadm 243 medlemmer, av dei har 97 betalt medlemsavgift i 2020

Oppfordring generelt om at språket til IFK bør vere nynorsk.

Tor Arne Sandvik presenterte årsmelding for sykkelgruppa.

Spørsmål til kven som har sykkeljakta nå sidan den ikkje blir utført av sykkelgruppa. Saka blir tatt opp seinare i møtet.

Gunnbjørg Ljusnes presenterte årsmelding for fjellgruppa.

Ingen kommentarar til årsmelding.

Gunnbjørg Ljusnes presenterte årsmelding for Klypeposten.

Ingen kommentarar til årsmelding.

- **Rekneskap**

Elin presenterte rekneskap for 2020.

Sjå rekneskap for detaljer.

Spørsmål om friidrett sine utgifter som ligg på hovudlaget, om det er eige budsjett på Maryna Novik, og kvifor? Det er gjort for å spesifisere hennar utgifter. Utgift til trenar i rekneskapen er frå 2019. Avtale med trenar er avslutta.

- **Innkomne saker**

#1 Framlegg til årsmøte: a) Husstands-avgift for treningslokala: kr 500,- b) Alle inkomne tren.avgifter går til et fond til oppgradering treningsavdelinga

Årsmøtet einig med innstillinga til styret om at styret handterer denne saka vidare.

#2 Framlegg 2: Lysa ut stilling til dagleg leiar 3- 4 t per veka kr 30.000 i året + 5 % av alle sponsormidlar. Oppgåver: a) påmeldingar, b)sponsormidlar, c)søknader, d)medlemsregister e) "vaktmeister"- oppgåver f) klubbrekordar/resultatliste

Årsmøtet einig med innstillinga frå styret.

Styret si vurdering: Må utgreiast vidare før eventuelt vedtak.

Forsikringsavtalar, pensjon og arbeidsgivaransvar er noko som må takast med i vurderinga. I tillegg bør styret først vere fullt samansett med leiar.

Årsmøtet einig med innstillinga til tyret.

Generell meining på årsmøtet at det ikkje er behov for å tilsetje person med det aktivitetsnivået som er i dag.

#3 Forslag til årsmøte 2021.

I utgangspunktet er Klypeposten eit gratis medlemsblad . Men har i alle år blitt delt ut til alle husstandar i Kyrping, Håland ,Frette, Rame. Ikkje alle desse er medlemmer i IFK. Difor legg me ein giro inni eine nummeret slik at dei som vil, kan støtte bladet . Og det er det mange som gjer .

Elles blir det sendt i posten til medlemmer utanfor kommunen. Portoen varierer etter kor stort bladet er, frå kr 28 -46. Nå har me fått tilbakemeldingar frå fleire at det er greit å få den sendt digitalt. Det må sjølvstøtt vera mogeleg å få den i papirform for dei som ynskjer.

Sidan både trykkeri og portoutgiftene aukar ,og det ikkje er så lett å få inn sponsorar i desse tider (fleire har trekt seg), har me i redaksjonen diskutert om det er tiltak me kan gjera for å auka inntektene.

Auke medlemspengene til kr 150. (kr 50 går då til KP)

Berre gratis til medlemmer. (Samt laussalg)

Legge ut til alle i grendene som før, men prøve fokusere meir på frivillig støtte. T.d legge giro i eine nr, skrive litt meir utfyllande på denne, få med vippsnr, (mange synes det er lettare å nytte seg av det). Så ha ein rubrikk med vippsnr. i det andre nummeret.

Sende Klypeposten ut på e-post (eller vise til link ?) til dei utanfor kjerneområde. Her må ein innhente opplysningar om e-postadresser samt om dei ynskjer papirform som før.

Håpar styret kan sjå på desse forslaga og ta det med til årsmøte for diskusjon.

Med helsing

Klypepost redaksjonen.

Styrets Vurdering: Støtte forslag om auking av medlemsavgift. Men for å gjere det enkelt så ønsker me ikkje å splitte kontingenten. Klypeposten spør styret etter behov

Styrets forslag blei vedtatt.

Det skal opprettast VIPPS-betaling/støtte for Klypeposten.

Klypeposten blei diskutert i møtet. Dette er kulturarbeid som er viktig å oppretthalde. Ulike tema rundt kostnader blei diskutert. Bladet blir utarbeidd til svært låge kostnader for laget, med dugnadsarbeid og gode sponsorar. Det er rimeleg at dei som har utgifter med bladet får desse dekkja, td. kostnad med bruk av eigen telefon. Diskusjon rundt medlemsavgift, sjå eiga sak.

Distribuering i nærområde blir gjort gratis for laget. Ca 50 blader blir sendt i posten med portoutgifter, dette kan erstattast med elektronisk utsending. Blir sakna om det ikkje blir sendt i postkassen lokalt. Tok inn 5000,- i gåver i 2020.

#4 Sykkelgruppa: legge den inn under styret i laget.

Tor Arne Sandvik orienterte om status i gruppa, og sykkelrebus som var i 2020, og som nå fortsetter i 2021.

Det er dei siste dagane samla folk til styre i sykkelgruppa: Oliv Enge, Kjell Ekornrud og Knut Leknes.

Det blei vedtatt at gruppa fortsetter slik fram til neste årsmøte, og arrangerer sykkelrebus også i 2021.

Det bør arrangerast eit oppklaringsmøte i sykkelgruppa med leiar for IFK tilstades.

- **Fastsetjing av kontingent**

Årsmøtet diskuterte fastsetjing av medlemsavgift og eventuell familierabatt, og gjorde vedtak om følgjande medlemsavgift for 2021:

100,- for medlemmer under 18 år

150,- for passive medlemmer

250,- for aktive medlemmer.

- **Budsjett**

Elin presenterte budsjett for 2021.

Spørsmål og kommentarar til finansiering av budsjettet underskot: Underskot må takast av fond. Budsjett bør være i balanse. Dersom ein tar av fondet må det synleggjerast i budsjett. Utgifter og inntekter bør stå ved sida av kvarandre. Investering ved hjelp av midlar i fond må vise i budsjettet.

Størstedelen av utgiftene er investering i lokale og utstyr. Korona-støtte på 30 00 (kom på konto i 2021) skal være med å dekke utstyr. Investering kan trekkjast ut frå budsjett.

Budsjettet reviderast for å korrigere investeringar slik at budsjett går i balanse.

Vedtak om at årsmøte gir styret fullmakt til å justere budsjett og sende dette ut saman med referat.

- **Avsetjing til fond**

Styret sin innstilling er at det ikkje blir sett av pengar til fondet dette året.

Rekneskapen for 2020 viser overskot, men pengar som i dag står på driftskonto bør stå der vidare.

Vedtak om styret sin innstilling.

- **Valg**

Formann:

Nestleiar: Olav Samland (1 år)

Styremedlem: Rune Svendsen (2 år)

Styremedlem: Magne Berge (ikkje på valg, 1 år igjen)

Styremedlem: Elin Udstuen (1 år)

Varamedlem: Trygve Gunnar Bjelland Henriksen (1 år)

Revisor: Harald Lindevik (1 år)

Revisor: Sigrid Ljusnes Løvereide (1 år)

Det er forsøkt å finne formann, samt to kvinner til styret. Dette har ein ikkje lukkast med.

Sykkelgruppa:

Leiar: Oliv Enge (ikkje på valg)

Styremedlem: Kjell Ekornrud (ikkje på valg)

Styremedlem: Knut Leknes (2 år)

Klypeposten:

Leiar: Gunnbjörg Ljusnes (1 år)

Styremedlem: Sigrid Ljusnes Løvereide (1 år)

Styremedlem: Arild Jensen (1 år)

Styremedlem: Mona Norheim (1 år)

Fjellgruppa:

Leiar: Magne Berge (2 år)

Styremedlem: Gunnbjörg Ljusnes (ikkje på valg)

Styremedlem: Terje Håland (1 år)

Postveg nemnda:

Harald Måge (1 år)

Idrettsrådet:

Olav Samland (1 år)

Ørjan Løhaugen (1 år)

Valnemnd

Styret arbeider med samansetning ny valnemnd.

- **Utdeling av utmerkingar**

Innsatspokalen 2020

Innsatspokalen for 2020 – Gisle sellevold

Går dette året til Gisle Sellevold for lang og tru teneste i klubben. Hans entusiasme har samla mykje folk på arrangementa våre. Han har også jobba aktivt for å skaffa sponsorar som har gitt store inntekter for klubben.

SMV-pokalen 2020

SMV Pokalen 2020 – Maryna Novik

Som i fjor går denne til Maryna Novik for nokre fantastiske løpe prestasjonar både på gate- og baneløp. I fjor haust susa ho mellom anna gjennom den småkuperte løypa i Karmøy Maraton på norsk årsbeste med 2.49.41. Vinnar av Karmøy Maraton. Ho har vist god utvikling gjennom heile sesongen og hevdar seg nå heilt i norgestoppen.

Følgjande personar går ut av hovudstyret, og mottok gåvekort hjå Sport1 som takk for innsatsen:

Tor Arne Sandvik, Ørjan Løhaugen, Oliv Enge og Nils Saltnes.

29.05.21 *Dagfinn Garnes-Johnsen*

29.05.21 *Olav Svendsen*

Dato Dagfinn Garnes-Johnsen

Dato Olav Svendsen